



**SELJE KOMMUNE**  
Formannskapet

## Møtebok

**Møtedato:** 09.04.2014

**Møtetid:** Kl. 11:00 – 15:00

**Møtested:** Kommunehuset - 3. etg.

**Saksnr.:** 025/14 - 035/14

---

**Følgjande medlemmer møtte**

TP: Ottar Nygård. SP: Gunn Sande. UAVH: Toril Sande. FRP: Svein Hansen.

---

**Følgjande medlemmer møtte ikkje**

FRP: Anne Lise Drage. Forfall til møtet var gjeve.

---

**Følgjande varamedlemmer møtte**

FRP: Marit Swensen

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte**

Fungerande rådmann Åse Elin Hole, som og førte møteboka.

---

**Merknad til innkallinga**

Ingen

---

**Merknad til saklista**

Ingen

7 voterande

## Følgjande saker vart handsama

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
025/14	Godkjenning av møtebok
026/14	Delegasjonssaker
027/14	Referatsaker
028/14	Breibandutbygging i Selje kommune 2014
029/14	Samhandlingsprosjekt i Nordfjord om betre akutthjelp i psykisk helsevern
030/14	Organisering av kommunen sitt operatøransvar etter etablering av digitalt nødnett frå siste kvartal 2014
031/14	Sjukehusbussen Ytre Nordfjord - Uttale frå Selje kommune
032/14	Reservasjonsordning for fastlegar - Selje kommune
033/14	Meirfinansiering - Prosjekt 1308 - sprinklaranlegg Selje eldretun
034/14	Kjøpe eller leige nye kommunehuset ?
035/14	Høyring - Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane 2014-2025

**Tilleggsaker:** Ingen

**Utskrift protokoll:** Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

**Utskrift møtebok:** Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

**Signatur:** \_\_\_\_\_



# SELJE KOMMUNE

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Formannskapet	09.04.2014	025/14

<b>Sakshandsamar:</b> Unni Eltvik Hovden	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr</b> 14/241
---	----------------------	-----------------------------

## Godkjenning av møtebok

### TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 19.03.14 vert godkjent slik den ligg føre.

<b>Dok.dato</b>	<b>Tittel</b>	<b>Dok.ID</b>
02.04.2014	Møtebok FS 19.03.14.pdf	54435

### **Handsaming i Formannskapet - 09.04.2014**

7 voterande

### **FS-025/14 VEDTAK**

Møteboka frå møte 19.03.14 vert godkjent slik den ligg føre.  
Samrøystes.



# SELJE KOMMUNE

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Formannskapet	09.04.2014	026/14

<b>Sakshandsamar:</b> Unni Eltvik Hovden	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr</b> 14/239
---	----------------------	-----------------------------

## Delegasjonssaker

**DFS. 003/14: Skjenkeløyve for alkohol - Enkelthøve - Selje Idrettslag**

### TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

### **Handsaming i Formannskapet - 09.04.2014**

7 voterande

### **FS-026/14 VEDTAK**

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.  
Samrøystes.



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	09.04.2014	027/14

<b>Sakshandsamar:</b> Unni Eltvik Hovden	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr</b> 14/240
---	----------------------	-----------------------------

## Referatsaker

### Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	14/1303	I	25.03.2014	Vestavind Kraft AS	Vedk. Befaring Okla
2	14/1027	I	14.03.2014	Sogn og Fjordane Bondelag	Fråsegn om jordvern - Vern av matjord = mat til kommande generasjonar
3	14/1052	I	13.03.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Kartlegging av sjø og sjøbotn
4	14/1037	I	13.03.2014	Nordfjord vekst	Møteprotokollar Nordfjord vekst 2013
5	14/1647	U	02.04.2014	Formannskapet	Orientering om byggehøgder for reguleringsplan Krakereid Vest
6	14/1466	U	31.03.2014	Statens institutt for rusmiddelforskning	Rapport alkoholforvaltning 2013
7	14/1634	I	02.04.2014	Formannskapet	Oppgåve over alkoholsal 2013
8	14/1314	I	26.03.2014	Trygg 24	Skjenke og salgskontrollar, runde 1 2014
9	14/1384	I	26.03.2014	Nordfjordsrådet v/leiar	Innspel - Jordskifterett / lagmannsrett
10	14/1369	I	28.03.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Nordfjord Havn IKS - godkjenning av låneopptak i Kommunalbanken
11	14/1386	U	31.03.2014	Nordfjord Hamn IKS	Søknad om midlar til anlegging av flytebrygger/bølgedemparar - Borgundvåg

12	14/1528	I	01.04.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Nasjonal støtteordning for breibandutbygging - utlysning av midlar
13	14/1460	X	01.04.2014		Matpause og arbeidstid for kontoradministrasjon i Selje kommune

### **Tilleggsreferat:**

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

### **Handsaming i Formannskapet - 09.04.2014**

7 voterande

### **FS-027/14 VEDTAK**

01.Befaring Okla 21.05.14. Kven har ønske om å vere med?

Ordførar spør om Formannskapet kan vere med.

02.Fråsegn om jordvern. Teke til vitande.

03.Kartlegging av sjø og sjøbotn. Vert handsama som sak i Formannskapet 23.04.14.

Kommunen sine kostnader utgjer i 2014: kr. 55.000 / 2015: kr. 60.000 / 2016: kr. 60.000.

Teke til vitande.

04.Teke til vitande.

05.Teke til vitande.

06.Teke til vitande.

07 Teke til vitande..

08.Teke til vitande.

09.Teke til vitande.

10.Teke til vitande.

11.Teke til vitande.

12.Teke til vitande.

13.Matpause og arbeidstid kontoradministrasjon

Konklusjon: Leggast fram i FS 04.06.14 – med økonomisk analyse og berekning.

Kven gjeld det for?

Samrøystes.



# SELJE KOMMUNE

## SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	09.04.2014	028/14
Kommunestyret	28.04.2014	

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Reidar Sandviknes	FA-N60	13/380

## Breibandutbygging i Selje kommune 2014

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
7	I	07.01.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Ny tilskotsordning til breibandutbygging 2014
8	I	24.02.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Statusrapportering for breibandutbygging i Selje kommune
10	I	25.03.2014	Geir Liavåg Strand	Breibandutbygging i Selje kommune 2014 - Kart / Bygg
11	U	28.03.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Søknad om utsetjing - Statusrapportering for breibandutbygging i Selje kommune

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
25.03.2014	Kart over bygg - Breibandutbygging i Selje kommune 2014	53869

### Saka gjeld

Saka gjeld korleis bygging av fiber til alle kommunale einingar som ikkje har fiber i dag skal prioriterast og om korleis kommunen skal tilretteleggje for breibandtilgang til næringsliv og innbyggjarar i kommunen.

### Opplysningar til saka

Selje kommune har bygd eigen fiberkabel frå Selje til Stadlandet. Denne fiberen er finansiert gjennom kommunalt tilskot, statstilskot og sal av fiberkapasitet. Arbeidet med å byggje ut breiband mellom Selje og Stadlandet har vore økonomisk gunstig for kommunen ved at kommersielle aktørar har kjøpt kapasitet i heile eller delar av dette sambandet.

Dei kommunale einingane i Selje er kople på Nordfjordfiberen til Selje, fiber til Stadlandet og dels kople på andre, kommersielle breiband. Einingar som er kople på fiberkabelen har svært stor breibandkapasitet og betalar ikkje driftsutgifter.

Dei einingane som i dag ikkje er kople på fiberen er:

1. Stadlandet legekantor
2. Ytre Stadlandet oppvekstsenter
3. Triveli
4. Stadlandet barnehage
5. Selje barnehage
6. Hove aktivitetssenter
7. Klokkarhagen
8. Kvia
9. Eldretunet Flatraket (fiberløysing TV/parabol) – tilrettelegging for bebuarane
10. Kommunalt lager Selje
11. Fløde va
12. Stave va
13. Flatraket va

Driftsutgiftene for desse sambanda er i dag 55.000 kr per år.

Nordfjordkommunane har, etter ei offentleg anbodskonkurranse, inngått rammeavtale med Relacom om fiberarbeid. Selje kommune kan nytte seg av denne rammeavtalen. Innanfor denne avtalen er det innhenta prisar på nedkopling av radiolinje og detaljert dokumentasjon av det samla fibernettet i Selje. Sjå tilbudet i vedlegg. Her er prisane oppsummert:

<b>Nr</b>	<b>Kommunal eining</b>	<b>Pris eks mva</b>
1	Stadlandet legekantor	67 763
2	Ytre Stadlandet skule og barnehage	1 950 000
3	Triveli	43 251
4	Stadlandet barnehage	84 736
5	Selje barnehage	43 596
6	Hove aktivitetssenter	37 940
7	Klokkarhagen	45 079
8	Kvia	125 403
9	Eldretunet Flatraket (fiberløysing TV/parabol) – tilrettelegging for bebuarane	38 480
10	Kommunalt lager Selje	40 100
11	Fløde va	295 600
12	Stave va           kr. 134 318 ( ikkje aktuelt)	
13	Flatraket va	39 867
14	Demontering av radiosamband og utvida dokumentasjon	150 000
	<b>SUM</b>	<b>2 961 815</b>
	<b>SUM utan Ytre Stadlandet skule og barnehage</b>	<b>1 011 815</b>

Gjennom det kommunale fibernettet kan Selje kommune tilrettelegge for breiband til næringsliv og innbyggjarar. Stadar som i dag har manglande breiband er:

- Inst i Moldefjorden – Eide – Lesto



- Otneimneset /Fløde
- Eltvik
- Borgundvåg
- Tilfeldige bustader der, der Telenor har linje, men ikkje kapasitet.

På Flatraket er det starta opp eit prosjekt som skal gje fibersamband til alle. Dette prosjektet er starta opp utan kommunalt tilskot.

Honningsvåg har i dag breiband via radiosamband gjennom Telenor.

I 2014 vil staten lyse ut midlar for å byggje breiband til stadar som ikkje har breiband med nok kapasitet.

### **Sakshandsamar si vurdering**

Rådmannen ønskjer å utvide bruken av fiberen slik at alle kommunale einingar vert kopla på fibernettet for å auke kapasiteten og redusere driftsutgiftene til 0. Relacom har levert inn faste prisar på tilkoplingane og garanterer for kvaliteten på tilkoplinga. Det betyr at kommunen slik rådmannen vurderer det, ikkje har risiko i eit utbyggingsprosjekt.

Prisoversikta over viser at det ikkje er rom for å byggje ut fibersamband til Ytre Stadlandet skule og barnehage. Dette er heller ikkje aktuelt, no når skulen er lagt ned. Dersom der vert oppretthalde barnehage, må ein finne andre løysingar - som i dag.

Ei samla utbygging til dei andre kommunale einingane vil koste 1 011 815 kr. Dersom vi får godkjent bruk av tidlegare løyvde midlar frå staten, vil kommunal del bli 50 % = **505 907 kr.**

Ei fiberutbygging vil også redusere dei årlege driftsutgiftene med 55 000 kr ved at alle avtalar om breiband til kommunale einingar, då kan seiast opp.

### **Lover/regelverk**

#### **Finansiering**

I 2008 fekk kommunen tildelt kr. 800.000 til utbygging av breiband på Eide og Barmøy. Vi hadde anbod på dette, men kostnadene vart så store at vi ikkje hadde muligheit til å finansiere resten og det vart ikkje noko av utbygginga. Selje kommune har no frist til 1.5.2014 til å komme med ein plan for bruk av dette tilskotet. Rådmannen vil tilrå at vi søker omprioritering av desse midlane på denne måten:

Kommunale prosjekt:	636 248	Tilskot: 318 124	Eigendel:	318 124
Kommunale prosjekt VAR :	375 567	Tilskot: 187 783	Eigendel :	187 784
Bygdelag /næringsliv :	588 186	Tilskot: 294 093	Eigendel :	294 093 *

Kommunal del kr. 318 124 må finansierast med sal av fiber til eit pågåande prosjekt der fiber frå Vanylven skal koplast til Nordfjordnett via kommunen sin fiber til Stadlandet i Kjøde.

## **Konklusjon**

Ved å byggje fibersamband fram til kommunale einingar vil Selje kommune både auke kvaliteten og redusere driftskostnadane. Innanfor dei rammene som kommunen har, vil det vere mogeleg å løyse ut alle einingar med unnatak av eventuell barnehage på Ytre og rådmannen tilrår at dette vert gjort.

Fleire av stadane i Selje kommune har i dag dårleg breibandkapasitet. Rådmannen ønskjer at dei midlane som vert att etter fiberutbygginga til dei kommunale einingane skal øymerkast bygdelag/næringsliv. Prioritert liste må leggast fram til kommunestyret 28.04.2014. I tillegg bør kommunen søkje breibandsmidlar etter ny ordning i 2014 til same føremål.

## **Saksgang**

Kommunestyret gjer vedtak

## **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

I samsvar med rammeavtalen mellom Nordfjordkommunane og Relacom inngår Selje kommune avtale med Relacom om utbygging av fibersamband til kommunale einingar slik det går fram i oppsettet ovanfor, med unnatak av Ytre Stadlandet skule og barnehage og Stave VA. Dette er i samsvar med tilbod datert 26.03.2014 innanfor ei økonomisk ramme på 1 011 815 kr. Avtalen omfattar også riving av det utrangerte radiosambandet i Selje kommune, og utvida dokumentasjon av alt kommunalt fibernett i Selje kommune. Arbeidet skal vere slutført innan 31.12.2014.

Av tildelte statlege midlar skal lag /bygdelag kunne søkje om tildeling frå ein pott på kr. 294 093. Dette føreset tilsvarande eigendel frå bygdelag/næringsliv.

Det vert teke atterhald om fylkeskommunen sin godkjenning av omprioriteringar av tildelt tilskot.

Selje kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å søkje nye statlege midlar i 2014 til å byggje breiband til næringsliv og innbyggjarar på desse stadane etter ei prioritert liste.

1. .....
2. .....
3. .....

## **Handsaming i Formannskapet - 09.04.2014**

7 voterande

### **Ny tilråding frå administrasjonen:**

I samsvar med rammeavtalen mellom Nordfjordkommunane og Relacom inngår Selje kommune avtale med Relacom om utbygging av fibersamband til kommunale einingar slik det går fram i oppsettet ovanfor, med unnatak av Ytre Stadlandet skule og barnehage og Stave VA. Dette er i samsvar med tilbod datert 26.03.2014 innanfor ei økonomisk ramme på 1 011 815 kr. Avtalen omfattar også riving av det utrangerte radiosambandet i Selje kommune, og utvida dokumentasjon av alt kommunalt fibernett i Selje kommune. Arbeidet skal vere slutført innan 31.12.2014.

Av tildelte statlege midlar skal lag /bygdslag kunne søkje om tildeling frå ein pott på kr. 294 093. Dette føreset tilsvarande eigendel frå bygdslag/næringsliv.

Det vert teke atterhald om fylkeskommunen sin godkjenning av omprioriteringar av tildelt tilskot.

Endeleg finansiering av prosjekta vert lagt fram for formannskap og kommunestyre når svar føreligg frå fylkeskommunen.

Selje kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å søkje nye statlege midlar i 2014 til å bygge breiband til næringsliv og innbyggjarar på desse stadane etter ei prioritert liste.

1. .....
2. .....
3. .....

### **Røysting:**

Formannskapet godkjende ny tilråding frå administrasjonen. Samrøystes.

### **FS-028/14 FRAMLEGG**

Som ny tilråding frå administrasjonen.



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	09.04.2014	029/14
Kommunestyret	28.04.2014	

<b>Sakshandsamar</b> Åse Elin Hole	<b>Arkiv</b> FE-026	<b>Arkivsak</b> 14/236
---------------------------------------	------------------------	---------------------------

## Samhandlingsprosjekt i Nordfjord om betre akutthjelp i psykisk helsevern

Eit fagleg og økonomisk samhandlingsprosjekt mellom nordfjordkommunane (Selje, Vågsøy, Eid, Hornindal, Gloppen og Stryn) og Nordfjord Psykiatrisenter/Helse Førde.

### Dokumentliste

#### Vedlegg i saka

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	I	03.04.2014	Eid kommune	Samhandlingsprosjekt i Nordfjord om betre akutthjelp i psykisk helsevern

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
03.04.2014	Rapport 12.02.13.PDF	54750

### Saka gjeld

Godkjenning av eit samhandlingsprosjekt mellom kommunane og Helse Førde om utprøving og etablering av ein samhandlingsmodell for akutthjelp i psykisk helsevern/rus i Nordfjord frå 2014. Planen er å etablere eit fagleg og økonomisk samarbeid: Ambulant team ved Nordfjord Psykiatrisenter må styrkjast med fire stillingar for å kunne vere tilgjengeleg heile døgnet. Kommunane må ta ansvar for å finansiere to av stillingane.

### Opplysningar til saka

Nordfjordkommunane og Helse Førde ønskjer å samarbeide om å sikre eit døgnkontinuerleg tilbod som kan yte psykiatriske og rusfaglege tenester til pasientar med akutte hjelpebehov. Bakgrunnen er at både DPS og kommunane vil få eit større ansvar for å yte akutte tenester også til pasientar med rus- og psykiske problem.

Helsestyresmaktene er klare på at DPS vil få større ansvar for akutthjelp i nær framtid, og statlege krav til kommunane om plikt til øyeblikkeleg hjelp for rus- og psykiatrifeltet er under utgreiing.

Frå 2012 blei kommunal medfinansiering og kommunal betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar innført. Dei økonomiske verkemidla omfattar i første omgang ikkje pasienter med psykisk sjukdom eller rusavhengigheit. St.m. 30 varslar ei gradvis innføring av dei økonomiske verkemidla i Samhandlingsreforma også for rusbehandling og psykisk helsevern. Opptrappingsplanen for rusfeltet vart avslutta i 2012. Planen vert erstatta med strategiar på følgjande innsatsområde: folkehelse, overdosar og kompetanse. I tillegg skal rusfeltet vidareutviklast i tråd med Samhandlingsreforma (st.m.nr 30, 2011-2012): «Se meg! En helhetlig ruspolitikk».

I tråd med ovannemnde føringar var ei av oppgåvene i mandatet til Utviklingsprosjektet ved Nordfjord Sjukehus å «gjennomgå og vurdere ei mogleg utviding/vidareutvikling av psykiatritilbodet».

I eit møte den 17.10.12 ba styringsgruppa for Utviklingsprosjektet om at det vart gjennomført eit prosjekt for å betre organiseringa av det lokale akutt-tilbodet for personar med rusproblem og /eller psykiske lidingar. Det blei sett ned ei arbeidsgruppe frå BUP, kommunane, NPS og Nordfjord Sjukehus. Trond F. Aarre har vore leiar for gruppa. Jfr. vedlagde mandat og sluttrapport (12.02.13).

Hovudmålet med prosjektet er at kommunane og spesialisthelsetenesta i lag skal kunne gje eit betre akutt-tilbod på lokalsjukehusnivå for personar med psykiske lidingar og rusproblem, og at denne samhandlinga om lokal akutthjelp kan førebygge unødvendige innleggingar. Delmål for prosjektet er mellom anna å utarbeide ein modell for ei betre organisering av eit samordna akutt-tilbod. Alle tilgjengelege ressursar vert samordna, og modellen vert grunnlaget for ein særavtale mellom kommunane og spesialisthelsetenesta.

#### **Arbeidsgruppa tilrår følgjande:**

- Kommunane og Helse Førde bør i fellesskap sikre eit døgnkontinuerleg tilbod som kan gje psykiatrisk og rusfagleg hjelp til dei som treng akutthjelp.
- Tilbodet består av legevakta på Nordfjord sjukehus, ambulant team ved Nordfjord psykiatrisenter og (2) kriseplassar ved psykiatrisenteret.
- Tilbodet kan organiserast og leiast av Nordfjord psykiatrisenter ved at det ambulante teamet vert styrka.
- Tilbodet bør vere samlokalisert med den kommunale legevakta på Nordfjord sjukehus.
- Kommunane medfinansierer tenesta etter ein nærare avtalt delingsnøkkel. Nordfjord psykiatrisenter sin del av kostnadene blir dekte innanfor ordinært budsjett.
- 

#### **Arbeidsgruppa sitt syn på korleis organiseringa kan sikre eit tverrfagleg, døgnkontinuerleg tilbod:**

- Sjå alle tilgjengelege ressursar i samanheng og byggje tilbodet opp rundt den interkommunale legevakta og ambulant team.
- Styrkje ambulant team med fire stillingar, der kommunane dekkjer kostnadene til to stillingar.
- Ambulant team støttar legevakta når det gjeld pasientar med samansette problem.
- Pasientane kan få tilbod om kriseseng ved NPS, eller opphalde seg i døgnpostane til neste dag, og få tilbod om naudsynt hjelp og støtte.

Sjå elles nærare skildring av organisering, oppgåve – og ansvarsfordeling i vedlagde rapport.

Leiar for prosjektgruppa, Trond Aarre, presenterte modellen for ordførarar, rådmenn og kommunalsjefar, den 29.11.13.

### **Statlege føringar for kommunalt rusarbeid er blitt endå meir konkretiserte i styringsdokumenta til den nye regjeringa:**

**Statsbudsjettet: Kap. 763 Rustiltak**, Post 61 Kommunalt rusarbeid. Sitat:

*Forslaget til bevilgning for 2014 økes med 343 mill. kroner mot at bevilgningen over kap. 571, post 60 reduseres tilsvarende. I Gul bok 2014 ble det foreslått en særskilt styrking av rusfeltet med 40 mill. kroner. Til sammen innebærer dette økte øremerkede tilskudd til rusfeltet på 383 mill. kroner fra 2013 til 2014.*

*I Prop. 1 S (2012–2013), jf. Innst. 11 S (2012–2013) ble 333 mill. kroner i øremerket tilskudd til kommunalt rusarbeid på kap.763, post 61 innlemmet i kommunenes frie inntekter på Kommunal- og regionaldepartementets budsjett kap. 571, post 60. Det foreslås at innlemmingen reverseres fra og med 2014 og at 343 mill. kroner flyttes fra kap. 571, post 60 til kap. 763, post 61 Kommunalt rusarbeid.*

*Lovpålagte oppgaver forutsettes som hovedregel finansiert gjennom kommunenes frie inntekter. Utfordringsbildet tilsier imidlertid at bruk av øremerkede tilskudd likevel er nødvendig på rusfeltet. Videre er det en utfordring at de økonomiske virkemidlene i samhandlingsreformen er innført for somatikk, men ikke for rusbehandling og psykisk helsevern. Det er derfor behov for å gi kommunene økonomiske insentiver som bidrar til å prioritere rusfeltet.*

*Det foreslås å målrette tilskuddet til en gradvis oppbygging av kapasitet i kommunene etter samme modell som i 2012. Tilskuddet skal bidra til en reell kapasitetsøkning i det samlede kommunale arbeidet på rusmiddelfeltet, herunder åpne flere mottakssentre i de større byene, sømløs overgang fra avrusing til rehabilitering og ettervern fra første dag etter endt avrusing og behandling, supplert med øvrige hjelpetiltak. Bevilgningen ses i sammenheng med tilskudd til utvikling og utprøving av samhandlingsmodeller på rusfeltet og tilskudd til samarbeid om utskrivningsklare pasienter.*

*Øremerkingen skal ikke være en permanent løsning, men må tilpasses måloppnåelse i opptrappingsplanen og gjennomføringen av samhandlingsreformen».*

### **Pressemelding 08.11.13 (nr. 46/2013), sitat:**

**Regjeringen vil styrke tilbudet til rusavhengige og personer med psykiske lidelser. I tillegg til statsbudsjettet for 2014 foreslår regjeringen å øremerke 343 millioner kroner til kommunale rustiltak, og reversere foreslått kutt til ordningen psykisk helse i skolen.**

*- Vi vil løfte dem som sitter nederst ved bordet i helsetjenesten. Derfor styrker vi innsatsen for rusavhengige og personer med psykiske lidelser i vårt forslag til statsbudsjett for neste år, sier helse- og omsorgsminister Bent Høie.*

*Regjeringen har i tillegg til statsbudsjettet for 2014 foreslått å styrke innsatsen på rus og psykisk helse på følgende områder:*

- Øremerking av midler til kommunale rustiltak
- Økningen på 200 plasser skal også innebære økning i langtidsplasser
- 255 millioner til økt kjøp fra private innen rus, psykisk helse og rehabilitering
- Reversere foreslått kutt til ordningen psykisk helse i skolen
- Økt bevilgning til Fontenehusene
- 

### **Øremerkede midler til kommunene**

*Regjeringen vil øremerke 343 millioner kroner til kommunale rustiltak. Det innebærer en reversering av innlemmingen av tilskudd til kommunalt rusarbeid i kommunerammen, som lå til grunn i 2013. Tilskuddet skal bidra til en reell kapasitetsøkning i det samlede kommunale arbeidet på rusmiddelfeltet, med utgangspunkt i tiltakene i regjeringserklæringen.*

- Det er fortsatt behov for øremerkede tilskudd på rusfeltet. Øremerkede midler vil gjøre det mulig å bygge opp bedre tjenester i kommunene, som flere mottakssentre i de store byene, et bedre ettervern etter avrusning og behandling og mer sømløse overganger fra avrusning til rehabilitering, sier Høie.

#### **Regjeringserklæringa (07.10.13), sitat:**

- *Psykisk helse har lenge blitt nedprioritert i helsetjenesten. Det er behov for å styrke dette området, både innen forebygging og lavterskeltiltak, og innenfor spesialisthelsetjenesten.*
- *Bygge ut et lavterskel psykisk helsetilbud i kommunene. Lov, plan og finansiering skal brukes for å nå målet.*
- *Styrke behandlingstilbudet innen psykisk helsevern.*
- *Bedre lavterskel og forebyggende tilbud til unge, som skolehelsetjeneste og helsestasjoner.*
- *Øke kommunenes mulighet til å gi et solid psykisk helsetilbud gjennom den varslede kommunereformen, og gi kommuner som har kapasitet og kompetanse ansvar for distriktpsikiatriske sentre.*
- *Etablere et tilbud om psykiatriambulanser.*
- *Styrke det tverrfaglige samarbeidet og ettervernet på tvers av rusbehandling og psykisk helsevern.*
- *Bekjempe tabuer og sørge for et bedre forebyggende arbeid mot selvskading og selvmord.*

#### **Finansiering**

Prosjektrapporten skisserer ein årleg kostnad for kommunane på kr 1 250 000,- (inkl. sos.utgifter), dvs. to stillingar.

Prosjektet/kommunane har fått Kr 500 000,- i statlege samhandlingsmidlar i 2013 (avsette til 2014), og vil kunne søkje om nye midlar i 2014.

Det er også søkt Fylkesmannen om Kr 750 000,- i utviklings-/fornyingsmidlar for 2014. Målet er å kome i gang så fort som mogleg, og kunne fullfinansiere kostnadene for kommunane i oppstartåret/utprøvingåret 2014.

#### **Sakshandsamar si vurdering**

Akutthjelp i rus-/psykisk helsevern er enno ikkje ei pliktoppgåve for kommunane, men ovannemnde statlege styringsdokument varslar at både kommunane og DPS vil få eit større akuttansvar også for desse tenestene. Utgreiingsarbeidet som er gjort i Nordfjord, har ført til at kommunane i ein tidleg fase no kan få etablert eit framtidretta lokalt akutt-tilbod til pasientar med rus- og psykiske problem for seks kommunar. Omfanget/behovet er ikkje stort, men oppgåvene er krevjande, og det er vanskeleg å tenkje seg at kvar einskild kommune vil kunne greie slike utfordringar.

Nordfjordkommunane har allereie etablert fire helsetenestetilbod lokaliserte ved sjukehuset, og har lang erfaring i å samarbeide om helsetenester som kommunane einskildvis korkje har økonomiske eller personellmessige ressursar til å drifte. Nordfjordkommunane har også positive erfaringar i å samarbeide med Nordfjord psykiatrisenter både om tverrfagleg tenesteyting og kompetansebygging.

Det nye heildøgntilbodet vil føre til ei styrking av Nordfjord legevakt, som har knappe ressursar til å dekkje eit stort geografisk område, der legane må forholde seg til mange ulike oppgåver. Døgntilbodet vil tilgjenge til ambulant team vil betre tilbodet i legevakta. Tid, kompetanse og moglegheit for eit døgntilbod lokalt er viktig for pasientar med rus- og psykiske problem.

Undersøkingar viser at det berre er eit fåtal av dei som vert innlagde i psykiatrisk klinikk som faktisk har behov for det, men i dag eksisterer det ikkje eit fullgodt lokalt alternativ. I rapporten (T.Aarre, 2013), heiter det at «Alle impliserte partar vil vere tente med akutttilbod ved Nordfjord psykiatrisenter heile døgnet. Det er eit avgrensa pasientvolum dette gjeld, og difor bør ein redusere kostnadene så mykje som råd. Dersom kommunane og spesialisthelsetenesta går saman om å etablere akutttilbodet, kan ein oppnå større fleksibilitet i tenestene og utnytte ressursane betre».

Med bakgrunn i ovannemnde regjeringserklæringar vert det forventa at kommunane i det vidare vil få full finansiering (evt. øyremerkte midlar) av nye oppgåver innan rus-/psykiatrifeltet, som samsvarar med t.d. ordninga med tilskot og rammefinansiering til kommunale akutte døgneiningar (KAD) for somatiske pasientar.

Dersom kommunane også får det omsøkte tilskotet frå Fylkesmannen i 2014, vil første driftsåret bli finansiert opp. Alternativt kan kommunane søkje om forventa øyremerkt tilskot i 2014 (det er enno ikkje utlyst slike midlar).

### **Konklusjon**

Selje kommune sluttar seg tilrådinga som ligg føre.

### **Saksgang**

Kommunestyret gjer endeleg vedtak i saka

#### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

1. Selje kommune godkjenner eit samarbeid med Nordfjord psykiatrisenter og kommunane Eid, Vågsøy, Hornindal, Stryn og Gloppen om styrking av ambulant team ved Nordfjord psykiatrisenter, slik det går fram av sluttrapporten frå arbeidsgruppa.
2. Kommunane sin del av styrkinga omfattar utgiftene til 2 årsverk , ca kr 1 250 000,- (2012-kroner).
3. Tilbodet skal starte så tidleg som råd i 2014.
4. Det er ein føresetnad for kommunal deltaking etter p 1, 2 og 3, at tiltaket vert eksternt finansiert gjennom øyremerkte tilskot - og auka rammeløyvingar når kommunane vert pålagde ansvaret for akutt-tilbodet.

#### **Handsaming i Formannskapet - 09.04.2014**

7 voterande

#### **Framlegg frå ordførar:**

Som tilråding frå administrasjonen, med fylgjande tillegg:

Pkt. nr. 5:

Evalueringsrapport skal leggst fram for Kommunestyret i jan./febr. 2015.

#### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 4 røyster mot og 3 røyster for.

Røysting på framlegg frå ordførar går dermed ut.



**FS-029/14 FRAMLEGG**

Formannskapet går i mot tilråding frå administrasjonen.



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	09.04.2014	030/14
Kommunestyret	28.04.2014	

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Åse Elin Hole	FA-X20	14/235

## Organisering av kommunen sitt operatøransvar etter etablering av digitalt nødnett frå siste kvartal 2014

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	I	03.04.2014	Vågsøy kommune	Nødnett

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
03.04.2014	Kostnader.pdf	54752

### Saka gjeld

Stortinget vedtok 18.12.2006 at Justis- og politidepartementet kunne starte arbeidet med leveranse av nytt digitalt kommunikasjonsnett- naudnett til kommunar på austlandet. I juni 2011 vedtok Stortinget utbygging av naudnett i resten av landet.

Direktoratet for nødkommunikasjon (DNK) har fått det overordna ansvaret for å bygge ut radionettet og tilknytta kommunikasjonsentralar. Helsedirektoratet har overordna ansvar for utbygging i helsetenesten.

Utrulling av nødnettet skjer i 5 fasar, der Vestlandet (Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane), er i fase 3 med innføring i 4.kvartal 2014.

Samstundes med at naudnettet vert teken i bruk i helsetenesta, vert eit nasjonalt legevaktnummer etablert (nr 116117).

Legevaktnummeret vert å nytte for tilstander som ikkje kan vente til ordinær time på legekantoret, men som ikkje er så alvorleg at det har karakter av raud respons (dvs. akutt alvorleg sjukdom eller skade med 113 som rette kontaktpunktet).

Siktemålet med naudnettet er å styrke tryggleiken og beredskapen i samfunnet, effektivisere naudetatane sitt arbeid, ta i vare krav til avlyttingstryggleik og sikre betre koordinering ved store ulukker.

## Opplysningar til saka

Naudnettett vert helsetenesta sitt nasjonale kommunikasjonsnett på tvers av kommune -og regiongrenser i akuttmedisinske situasjonar.

Helsepersonell i vakt kan bruke naudnettett til å samvirke med dei andre naudetatane (politi og brann) i akutte situasjonar og i beredskapssituasjonar. I det digitale naudnettett vert det difor etablert både etatsvise talegrupper og felles talegrupper.

Naudnettett vert basert på radiosignal og ikkje lenger på telenettett, difor er det trong for eigne operatørsentralar som staten dekkjer kostnaden ved.

Både etableringskostnader (opplæring m.m.) og løypande driftskostnader må kommunane ta sjølv. Det er rekna inntil kr. 250 000 i etablering og 118 000 kr. pr operatørsentral i årleg driftsutgifter. I tillegg kjem personalauke for å vere tilgjengeleg, og for å takle eit ekstra elektronisk system (eigen dataskjerm , eigne prosedyrar/ index , eige meldingssystem m.m.)

Forskrift om akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus har i mange år pålagt kommunane å etablere legevaktsentral og legevaktnummer som er bemanna heile døgnet. Dette har Selje siste åra ivareteke ved å kjøpe teneste for legevaktformidling utanom kontortida, medan hjelpepersonale på legekantoret har svart på telefonar til legevakta i kontortida (kl. 08.00 – 15.30)

Etter å ha kjøpt tenesta frå Helse Førde nokre år, vart det etablert interkommunal legevaktsentral på Eid i desember 2012 (NLVS), jfr. samordning/synergi med ØH-sengene.

Det kommunane ikkje har hatt klart for seg før etter informasjonsmøte om naudnett i slutten av august 13, er at krav til operatørsentralar medfører at også kvart legekantor må ha eigen operatørsentral for å kunne handtere legevakttelefonar i kontortida slik det er krav om.

Omfanget på NLVS (Nordfjord legevaktsentral) medfører at det er trong for 2 operatørsentralar der. Spørsmålet administrasjonen i kommunane har måtte ta stilling til, og då utan tid til politisk handsaming på førehand, var om NLVS skal stå for operatørsentraloppgåva heile døgnet eller i kombinasjon med kommunal løysing på dagtid kvardagar.

For NLVS medfører samla løysing for dei 5 kommunane auka bemanning med vel 1 årsverk, jfr. trong for personale på dagtid i vekedagane.

Vedlagde notat over kostnader, syner utgiftene med og utan dagvakt og korleis dette slår ut for Selje med den etablerte kostnadsdelinga 25 % likt og 75 % fordelt etter folketal.

Med planlagd bemanning og 2 operatørsentralar ved NLVS, er det vurdert å vere kapasitet til å takle alle Nordfjordkommunane.

Med heilårsdrift vert meirkostnaden for Selje på kr. 121 600,- ved felles løysing.

Ved evt. lokal løysing på dagtid kvardagar, vert driftskostnadene kr 118 000 med tillegg av ei evt. bemanningsauke. Det er uråd å tenkje seg at hjelpepersonalet kan ta denne oppgåva også utan å styrke bemanninga. Dei tilsette opplever i dag eit stort arbeidspress, og ytterlegare oppgåver vil auke dette presset.

Med eit kalkulert auke på 30 % stilling vert Selje sine utgifter større enn ved felles løysing heile som omfattar heile døgnet.

Noverande utgifter til teknisk drift av sentral for legevaktformidling på kr 58 000 pr år for Selje, vil falle vekk når ny operatørsentral er i drift. **Netto årleg kostnadsauke ved felles løysing vert ca 64 000,-.** Dette er lagt inn i budsjettet for 2014.

Evt. vidare kjøp av teneste frå AMK/ Helse Førde vert dyrare enn felles løysing ved NLVS ut frå det pristilbodet dei har kome med til kommunane i fylket.

Andre argument for å velje felles løysing ved NLVS heile døgnet, er :

- Det kan bli krav om sjukepleiarbemanning for operatørane
- Det kan bli krav om lydlogg, noko som vil auke kostnadene
- Den faglege kompetansen til å takle meldingar om trong for legevakthjelp, vil truleg bli betre og meir samordna.

- Det er viktig at kommunane knytt til NLVS trekk same konklusjon, elles vert felles løysing for dyrt.

Kommunane hadde frist for tilbakemelding om tal operatørsentralar tidleg i september 13, men fekk utsetjing til veke 40.

Saka har vore drøfta i rådmannsgruppa i Nordfjord, og kommunalsjef har diskuterte dette med legekantoret her i Selje.

Konklusjonen er at vi går for felles løysing utan at det er til hinder for evt. anna løysing seinare. Eid som vertskommune har såleis gjeve Helsedirektoratet melding om at dei 5 kommunane Vågsøy, Selje, Eid, Hornindal og Stryn går for felles løysing og har bestilt 2 operatørsentralar.

Til orientering er stoda elles i fylket at:

- Flora satsar på eigen operatørsentral (dei samarbeider heller ikkje om legevakt)
- Sunnfjordkommunane kjøper teneste av AMK/Helse Førde fram til interkommunale ØH-sengar vert etablerte
- Sogne-kommunane vil samarbeide om LVS.(legevaktsentral)

Det har vore stilt spørsmål om felles løysing på dagtid for heile fylket og dette kan vere vurderingstema i framtid, men ingen er i posisjon til å organisere dette utan å vite meir om omfanget på oppgåvene og utan at det er breidt og uttrykt ønske om ei slik løysing.

Kostnadene ved felles løysing heile døgnet ved NLVS er lagt inn i konsekvensjustert budsjett.

### **Love/regelverk**

- St.prop. 100 S (2010-2011): Fullføring av utbygging og drift av Nødnett i Fastlands-Norge
- Forskrift om krav til akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus, av 18.03.2005, nr 252

### **Finansiering**

Ansvar 432, teneste 241 og art 13000, det er lagt inn i budsjettet ein kostnadsauke med kr 64 000,- for 2014.

### **Sakshandsamar si vurdering**

Utgiftene som følgjer av at naudnettet vert etablert, er noko kommunane er pålagd å ta utan at det er kjend om det gjer utslag på rammetilskotet.

Felles løysing mellom kommunane som samarbeider om legevakt og legevaktsentral (formidling), er vurdert som det mest fornuftige fagleg og økonomisk.

Det er å håpe at fleire kommunar kjem til, slik at kostnaden pr kommune går ned.

Alternativt at operatøroppgåva på dagtid kan la seg kombinere i eit visst omfang med administrative oppgåver ved interkommunale tenester på Eid, og såleis redusere trongen for styrka bemanning. Ei tredje løysing på sikt kan vere større samarbeidsløysingar for legevaktformidling i kontortida.

Det som gjer saka ekstra utfordrande for Vågsøy er at vår kommune får relativt store kostnader ved fellesordningar med gjeldande nøkkel for kostnadsdeling.

### **Konklusjon**

Selje kommune sluttar seg til etablering av felles operatørsentralsystem ved Nordfjord legevaktsentral (NLVS) for handtering av krav til bemanna døgndrift frå den tid naudnettet vert innført på Vestlandet i 4. kvartal 2014.

## **Saksgang**

Kommunestyret gjere endeleg vedtak

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Selje kommune godkjenner administrativ konklusjon om felles operatørsentralsystem ved Nordfjord legevaktsentral (NLVS) for handtering av krav til bemanna døgndrift frå den tid naudnettet vert innført på vestlandet i 4.kvartal 2014.

Dette er ikkje til hinder for at kommunen kan vurdere andre løysingar seinare.  
Administrasjonen vert oppmoda om å arbeide for kostnadsreduserande tiltak knytt til drift av operatørsentralen på dagtid kvardagar.

### **Handsaming i Formannskapet - 09.04.2014**

7 voterande

#### **Endra tilråding frå administrasjonen:**

Selje kommune godkjenner administrativ konklusjon om felles operatørsentralsystem ved Nordfjord legevaktsentral (NLVS) for handtering av krav til bemanna døgndrift frå den tid naudnettet vert innført på vestlandet i 4.kvartal 2014.

Ansvar 432, teneste 241 og art 13000, det er lagt inn i budsjettet ein kostnadsauke med kr. 64.000,- for 2014.

Dette er ikkje til hinder for at kommunen kan vurdere andre løysingar seinare.  
Administrasjonen vert oppmoda om å arbeide for kostnadsreduserande tiltak knytt til drift av operatørsentralen på dagtid kvardagar.

#### **Røysting:**

Endra tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

### **FS-030/14 FRAMLEGG**

Selje kommune godkjenner administrativ konklusjon om felles operatørsentralsystem ved Nordfjord legevaktsentral (NLVS) for handtering av krav til bemanna døgndrift frå den tid naudnettet vert innført på vestlandet i 4.kvartal 2014.

Ansvar 432, teneste 241 og art 13000, det er lagt inn i budsjettet ein kostnadsauke med kr. 64.000,- for 2014.

Dette er ikkje til hinder for at kommunen kan vurdere andre løysingar seinare.  
Administrasjonen vert oppmoda om å arbeide for kostnadsreduserande tiltak knytt til drift av operatørsentralen på dagtid kvardagar.



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	09.04.2014	031/14

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Svein Barmen	FA-H11	14/226

## Sjukehusbussen Ytre Nordfjord - Uttale frå Selje kommune

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
3	I	01.04.2014	Vågsøy kommune	Utskrift av vedtak Vågsøy formannskap 023/14 - Sjukehusbussen
4	I	03.04.2014	Eldrerådet i Selje	Vdk. sjukehusbuss

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
27.03.2014	Sjukehusbussen for ytre Nordfjord (3).docx	53963
03.04.2014	Utskrift av vedtak Vågsøy formannskap 023/14 - Sjukehusbussen	54722

### Saka gjeld

Ny organisering av Sjukehusbussen for Ytre Nordfjord

### Opplysningar til saka

Leiarane i Eldreråda i Selje og Vågsøy har sendt vedlagt uttale om organiseringa av sjukehusbussen i Ytre Nordfjord

### Sakshandsamar si vurdering

Uttalen vil dekke Selje kommune sitt syn i saka

### Konklusjon

Selje kommune uttalar i saka det same som leiarane i Eldreråda i Selje og Vågsøy

### Saksgang

Formannskapet gjer vedtak. Referatsak i kommunestyret.

**TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Selje kommune sluttar seg til uttalen om organiseringa av sjukehusbussen i Ytre Nordfjord. Uttalen er Selje kommune sin uttale i saka.

**Handsaming i Formannskapet - 09.04.2014**

7 voterande

**Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

**FS-031/14 VEDTAK**

Selje kommune sluttar seg til uttalen om organiseringa av sjukehusbussen i Ytre Nordfjord. Uttalen er Selje kommune sin uttale i saka.

Samrøystes.

Utskrift til:

Sakshandsamar sender utskrift / uttale til part i saka.



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	09.04.2014	032/14
Kommunestyret	28.04.2014	

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Åse Elin Hole	FA-F00, FA-G00	12/255

## Reservasjonsordning for fastlegar - Selje kommune

### Dokumentliste

#### Saka gjeld

Debatt om fastlegar sin reservasjonsmoglegheit:

I brev til Rådet for legeetikk 24.februar 2009 og brev til legeforeninga 23.juni 2009 uttrykte Helse og omsorgsdepartementet aksept for ei ordning der kommunar gav legar moglegheit til å overlate henvising til assistert befruktning til andre legar. Uttalen gjaldt allmennlegar generelt og ikkje fastlegar spesielt.

Legeforeninga og landsforeninga for lesbiske, homofile, bifile og transpersonar (LLH) reagerte på desse uttalene. LLH viste mellom anna til at dei hadde fått mange henvendingar frå lesbiske om ubehagelege opplevingar knytt til legar som nekta å henvise til assistert befruktning.

Etter ein nærare gjennomgang av det juridiske grunnlaget for reservasjon, fant departementet at fastlegeforskrifta frå 2001 ikkje opnar for at fastlegar med listeansvar kan få tilgang til å reservere seg mot å henvise til abort og assistert befruktning, eller til å skrive ut eller sette inn prevensjon.

Legeforeninga behandla spørsmålet om fastlegar skal kunne reservere seg mot å henvise til abort på landsstyremøte 6.juni 2013 og fatta fylgjande vedtak:

«Legeforeninga meiner at alvorlege samvitsgrunnar knytt til liv og død kan gje grunnlag for at legar vert gjeve reservasjonsmoglegheit for deltaking i henvising og behandling. Legers reservasjonsmoglegheit skal ikkje vere til hinder for befolkningas lovbestemte rettigheter. Reservasjonsmoglegheitene må difor vurderast lokalt i helsetenesta på ein slik måte at disse omsyn vert ivaretekne. Pasientane skal alltid verte møtt med forståing og respekt. For utsjånaden for pasientane må sikrast gjennom god informasjon»



Stålsettutvalet drøfta spørsmålet (jfr.NOU 2013) og eit fleirtal i utvalet (11 av 15) ville ikkje tilrå å gje fastlegar rett til å reservere seg mot å henvise til abort, assistert befruktning eller til å skrive ut eller sette inn prevensjon.

### **Opplysningar til saka**

Ei nasjonal kartlegging av omfanget av samvitsbaserte skriftege avtalar om reservasjonar i helsetenestene helsedirektoratet gjennomførte i 2011 synte at det er eit avgrensa tal reservasjonar nasjonalt. Frå primærhelsetenesta (kommunane) er det rapport 16 tilfelle, og frå spesialisthelsetenesta (sjukehusa) er det rapport 79 fritak som gjeld svangerskaps avbrot. Eit klart fleirtal av desse var jordmødre.

I fylje abortlova §2 andre ledd har kvinner rett til sjølvbestemt abort om inngrepet vert utført før utgangen av tolvte svangerskapsveke.

Dei regionale helseføretaka har ansvar for at kvinna får oppfylt retten til abort. Helseføretaka skal organisere sjukehusenestene slik at kvinne innanfor helsregionen til ei kvar tid kan få utført abort jfr. Abortlova § 14.

I tida etter at abortlova vart vedtatt har einiskilde legar praktisert ei reservasjonsordning

I departementets rundskriv I-4/2011 heiter det» Allmennlegar og fastlegar knytt til den kommunale helse og omsorgstenesta har i dag ingen lov- eller forskriftsfesta rett til å reservere seg av samvitsgrunnar. Når det gjeld spørsmål om en lege av samvitsgrunnar skal ha moglegheit til å reservere seg mot å utføre bestemte oppgåver må ein skilje mellom allmennlege og fastlege. Med fastlege meiner ein lege som har inngått avtale med ei kommune om deltaking i fastlegeordninga. (Jfr fastlegeforskrifta §2)

Når det gjeld fastlegar ,uavhengig om dei er sjølvstendig næringsdrivande eller ikkje, har ikkje kommunen heimel for å fritta legen for oppgåve som er pålagt ved lov eller forskrift.

### **Lover/regelverk**

Helse og omsorgstenestelova

Pasient- og brukarrettighetslova.

Forskrift om endring i fastlegeforskrifta (forskrift 29.august 2012 nr.842 om fastlegeordninga i kommunene) og forskrift om pasient – og brukarrettigheter i fastlegeordninga (forskrift 29. august 2012 nr.843)

### **Sakshandsamar si vurdering**

Kommunen har ansvar for å organisere fastlegeordninga. Kommunen skal sørge for eit tilbod om allmennlegeteneste og at eit tilstrekkeleg tal legar deltar i fastlegeordninga slik at alle som ynskjer det får tilbod om plass på ein fastlege si liste.

Det skal etter forslaget difor vere kommunane som vurderer ut frå lokale forhold om det er nok tilgang til fastlegar til at ein eller fleire av fastlegane i kommuna kan reservere seg mot å henvise til abort utan at det inneber urimeleg ulempe for kvinnene som vert rørt.

### **Saksgang**

Kommunestyre gjeld endeleg vedtak i saka

#### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

1. Selje kommune meiner at det ikkje skal vere opp til den einskilde kommune å bestemme om legar skal ha høve til å reservere seg frå å henvise kvinner som ynskjer abort.
2. Selje kommune ynskjer ikkje å inngå avtale om reservasjon med sine fastlegar.

#### **Handsaming i Formannskapet - 09.04.2014**

7 voterande

#### **Framlegg frå FRP:**

Retten til selvbestemt abort er forankret i abortloven og abortforskriften, og lovverket gir i dag adgang for helsepersonell i spesialisthelsetjenesten til å reservere seg mot å utføre eller assistere ved abortinngrep.

Dersom det åpnes for at fastleger skal kunne reservere seg mot henvisning til abort, mener Selje kommune at det må utarbeides nasjonale retningslinjer for hvordan en slik mulighet skal ivaretas i henhold til intensjonene slik de fremkommer i høringsutkastet.

Selje kommune fraråder at myndigheten til å fatte beslutning om å inngå reservasjonsavtaler legges til den enkelte kommune.

#### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 4 røyster for.

Framlegg frå FRP fekk 3 røyster for.

#### **FS-032/14 FRAMLEGG**

Som tilrådinga frå administrasjonen.



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	19.03.2014	023/14
Formannskapet	09.04.2014	033/14

<b>Sakshandsamar</b> Merete Nerland	<b>Arkiv</b> FE-614	<b>Arkivsak</b> 13/556
--	------------------------	---------------------------

## Meirfinansiering - Prosjekt 1308 - sprinklaranlegg Selje eldretun

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	U	07.10.2013	Husevåg Rør AS	Vedr. sprinkleranlegg Selje eldretun - Val av entreprenør
1	U	07.10.2013	Stadlandet VVS AS	Vedr. Sprinklaranlegg Selje eldretun - Val av entreprenør

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
09.04.2014	Endringsvedtak - budsjett - finansiering Fsak 033 14.xlsx	54821

### Saka gjeld

Meirfinansiering av prosjekt 1308 – Sprinklaranlegg Selje eldretun.

### Opplysningar til saka

Selje kommunestyre gjorde i sak 082/12 vedtak om å sette av 950 000,- til brannsprinkling av Selje eldretun. Eigedomsavdelinga utarbeidde konkurransegrunnlag for arbeidet, sendte det ut på anbod og kontraherte totalentreprenør i oktober 2013. Arbeida er kome godt i gong. Sprinklarrøra er monterte og grøft og røyr for tilkopling mot kommunal vassleidning er gjort. No skal ein i gong med arbeidet med å kople sprinklaranlegget til eksisterande brannsentral slik at vi får alarmoverføring til alarmsentralen i Florø når sprinklaranlegget verte utløyst.

I samband med dette viser det seg at eksisterande brannsentral er full. Det er såleis ikkje mogleg å kople sprinklaralarmen inn på denne. For å få til alarmoverføringa, må vi inn og omarbeide/bytte eksisterande brannsentral. Når ein er inne og endrar noko på eksisterande brannalarmanlegg, vil dei nye krava i teknisk forskrift gjere seg gjeldande. TEK10 krev at eit bygg i risikoklasse 6 (som på Selje eldretun) skal ha eit adresserbart brannalarmanlegget (ein

skal kunne sjå på branntavla kor brannen er/har starta). Dagens brannalarmanlegg er sløyfebasert (ein ser berre kva fløy brannen er i, men ikkje kva for leilegheit/rom).

### **Finansiering**

Å skifte ut eksisterand brannalarmanlegg til eit adresserbart anlegg, vil komme på om lag 165 000,-. Sprinklaranlegget inkl. nytt brannvarslingsanlegg vil komme på om lag 1 095 000,-. Dvs. at prosjekt 1308 vil ha bruk for ei meirfinansiering på 145 000,-

Finansieringsplan blir ettersendt.

### **Sakshandsamar si vurdering**

Eksisterande brannalarmanlegg inkl. detektorane byrjar å dra på åra. Det er berre eit tidsspørsmål før ein må skifte ut eksisterande brannalarmanlegg. Det vil difor være fornuftig å skifte anlegget no når vi er inne og skal gjere ein jobb i brannsentralen.

Ifølgje TEK10 har vi ikkje noko val, dersom vi ønskjer å kople sprinklaranlegget opp mot alarmsentralen i Florø. For å få avslutta arbeidet med sprinklaranlegget bør vi difor skifte brannalarmanlegget.

### **Konklusjon**

Selje kommune bør skifte brannalarmanlegget på Selje eldretun. Investeringsramma for prosjekt 1308 vert auka frå kroner 950 000,- kroner til 1 095 000,-. Meirkostnaden på kroner 145 000,- blir finansiert med .....

### **Saksgang**

Ein får ikkje sett sprinklaranlegget i drift før ein får fiksa brannsentralen. Då kommunestyret ikkje har møte før 28. april bør saken avgjerast i formannskapet etter § 13 i kommunelova.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Selje kommune vedtek å skifte brannalarmanlegget på Selje eldretun. Investeringsramma for prosjekt 1308 vert auka frå kroner 950 000,- kroner til 1 095 000,-. Meirkostnaden på kroner 145 000,- blir finansiert med .....

Vedtak etter KommuneLOVA §13

### Handsaming i Formannskapet - 19.03.2014

7 voterande

#### Framlegg frå Formannskapet:

Saka vert utsett til Formannskapsmøte 09.04.14.

#### Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 0 røyster for.

Framlegg frå Formannskapet fekk 7 røyster for.

### FS-023/14 VEDTAK

Saka vert utsett til Formannskapsmøte 09.04.14.

Samrøystes.

---

#### Korrigert tilråding til FS 09.04.14:

Selje kommune vedtek å skifte brannalarmanlegget på Selje eldretun. Investeringsramma for prosjekt 1308 vert auka frå kroner 950 000,- kroner til 1 095 000,-.

Meirkostnaden på kroner 145 000,- blir finansiert med låneopptak.

Art nr.	Art tekst	Ansvar	Teneste	Prosjekt	Vedtatt prosjekt	Økt utg. Red. innt.	Økt innt. Red. utg.	Revidert budsjett
02300	Nybygg/nyanlegg	600	265	1308	950 000	145 000		1 095 000
09100	Bruk av eksterne lån	600	265	1308	-950 000		-145 000	-1 095 000
<b>Sum</b>					<b>-</b>	<b>145 000</b>	<b>-145 000</b>	<b>-</b>

Vedtak etter KommuneLOVA §13.

### Handsaming i Formannskapet - 09.04.2014

#### Røysting:

Korrigert tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

**FS-033/14 VEDTAK**

Selje kommune vedtek å skifte brannalarmanlegget på Selje eldretun. Investeringsramma for prosjekt 1308 vert auka frå kroner 950 000,- kroner til 1 095 000,-. Meirkostnaden på kroner 145 000,- blir finansiert med låneopptak.

Art nr.	Art tekst	Ansvar	Teneste	Prosjekt	Vedtatt prosjekt	Økt utg. Red. innt.	Økt innt. Red. utg.	Revidert budsjett
02300	Nybygg/nyanlegg	600	265	1308	950 000	145 000		1 095 000
09100	Bruk av eksterne lån	600	265	1308	-950 000		-145 000	-1 095 000
<b>Sum</b>					<b>-</b>	<b>145 000</b>	<b>-145 000</b>	<b>-</b>

Vedtak etter Kommunelova §13.

Samrøystes.

Utskrift til:  
Kommunestyret  
Revisor



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret		
Formannskapet	09.04.2014	034/14

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Merete Nerland	FE-614	14/237

## Kjøpe eller leige nye kommunehuset ?

### Dokumentliste

#### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
03.04.2014	TILSTANDSVURDERING AV KOMMUNEHUSET.docx	54723
02.04.2014	PLAN 1.etg - Utleigd.pdf	54695
02.04.2014	PLAN 2.etg - Utleigd.pdf	54696
02.04.2014	PLAN 3. etg - Utleigd.pdf	54697
02.04.2014	Rekneark leige kontra eige.pdf	54699

### Saka gjeld

Vurdere kjøp av nye kommunehuset.

### Opplysningar til saka

Kommunestyret gjorde den 27.02.2014 i sak KS-011/14 vedtak om m.a. følgjande;  
*Rådmannen har ansvar for at følgjande tiltak skal saksutgreiast og kjem med i budsjetthandsaminga for 2014/2015.*

- *Administrasjonsbygg. Kva gjer vi med det gamle kommunehuset og skal vi fortsatt leige eller kjøpe kontorbygget.*

### Nye kommunehuset:

Heimelshavar til gbnr. 56/158 (nye kommunehuset) ønskjer å selje bygget. Dei har vore i kontakt med sakshandsamar/rådmann for å gi kommunen moglegheit til å kjøpe bygget før det evt. vert lagt ut på den opne marknaden. Det har vore munnleg sagt at heimelshavar kan være villig til å selje bygget for 28 millionar. Det føreligger ein verditakst på bygget frå

01.06.2012, gjort av ing. Arne Hool (takstmann), kor konkludert marknadsverdi er på 31 millionar kroner.

Eigedomsavdelinga føretok ei tilstandsvurdering av bygget 24.03.2014, sjå vedlegg.

Oppsummeringa etter denne tilstandsvurderinga er som følgjer;

*Bygget er oppført i 1978 som eit fabrikkbygg med dertil hørande standard. Etter ombygging til nye og moderne kontorlokalar bærer bygget fortsatt preg av å ha ein enklare standard enn dei krav som no blir stilt til kontorbygg, spesielt med tanke på varme- og lydisolering. Utanom dei ombyggingane som har vore gjort, bærer bygget preg av manglande vedlikehald og val av enkle løysingar ved bruksendring.*

*Bygget er elles velfungerande med relativt nye og moderne kontorlokalar og normalt utbygde sanitærforhold med wc damer/herrar på alle kontoravdelingar. Planløysinga fungerer bra til dagens bruk. Det står ein del uinnreidde lokalar som kan nyttast til framtidig utvikling.*

Selje kommune leiger/disponerer i dag om lag 1 600 m<sup>2</sup> av bygget som er på 3 138 m<sup>2</sup> totalt (fordelt over 3 etg.). NAV og politiet leiger 371 m<sup>2</sup>. Leigekontrakten for NAV går ut 9.2.2015 og leigekontrakten for politiet går ut 1.4.2015. Begge har moglegheit for forlenging av leigeforholda med 2 x 5 år. Pr i dag står det ledig areal i 1.etg (mot Bygger`n) og i 3. etg., sjå vedlagde teikningar.

I leigeavtalane som Selje kommune har med Selje Eiendom AS har kommunen, som leigetakar, ansvar for alle driftskostnadar på bygget for dei lokalane som kommunen leiger, samt forholdsmessig del av driftskostnadar for fellesareal (trapp, heis, ventilasjonsanlegg, kommunale avgifter, renovasjon m.m.). I tillegg har kommunen, som leigetakar, ansvar for vedlikehald av låser, nøklar, ruter, vasskranar, servantar, vassklosett, varmtvassbeholdar, lampekuler, elektriske kontaktar, brytar, sikringar, samt oppstaking av avlaupsrør til eiga vasslås. Kommunen, som leigetakar, har også ansvar for å vedlikehalde inngangsdører og porter, samt innvendig vedlikehald av vindauger med omramming og evt. ruteknusing.

Selje Eigedom AS, som huseigar, har ansvar for å betene eventuelle lån på bygget, forsikring, administrativt arbeid (økonomi, fakturering), utvendig vedlikehald, organisere serviceavtalar og oppfølging av tekniske anlegg (leigetakar betalar for dette).

For å finne ut om Selje kommune kan spare pengar på å eige kommunehuset kontra å leige det, har det vore rekna på kor mykje Selje kommune betalar i husleige pr. år, kontra kva det vil koste å betene eit låneopptak for å kjøpe bygget, sjå vedlagde rekneark. Inkl. i reknestykket er også framtidige drifts og vedlikehaldskostnadar (som i dag blir betalt av utleigar). Dei drifts- og vedlikehaldskostnadane som er uavhengig av om kommunen leiger eller eig bygget, er ikkje med i reknestykket.

Føresetnadar for reknestykket har vore følgjande:

- Selje kommune har leigeavtale med huseigar som går til 30.8.2021 for i 3.etg., 15.6.2015 for 1 etg. og 9.1.2016 for 2. etg. I reknestykket er det teke utgangspunkt i at kommunen leiger alle lokala til minimum 30.08.2021.
- Selje kommune kjøper bygget for kr. 28 millioner, med 30 års nedbetalingstid, 2,25 % flytende rente (annuitetslån), 1 avdrag pr. år. Flytende rente med lån i kommunalbanken er pr. dags dato på 2,25%. Denne renta kan endrast anten opp eller ned dei neste 7 åra. I utrekningane er det teke utgangspunkt i at renta ligger fast på 2,25 %.



- Dei drifts- og vedlikehaldskostnadar som kommunen får ekstra pr. år dersom vi skal eige bygget kontra å leige, er teke med i reknestykket.
- Leigekontraktane til NAV og politiet går ut i 2015, noko som i teorien betyr at dei då kan flytte ut av lokala dersom dei ønskjer det. Vi har føresett at NAV og politiet fortsetter å leige lokalar i 1. etg. dei neste 7 åra.

For samanlikningas skyld har vi grovrekna oss fram til at eit tilsvarande bygg vil koste omlag 58 millionar kroner dersom ein skal byggje det nytt.

### ***Gamle kommunehuset:***

Kommunestyret ønskjer svar på kva vi skal gjere med det gamle kommunehuset. Er usikker på kva som ligg i den «bestillinga». Skal kommunehuset nyttast til administrasjon? Skal bygget nyttast til kultur/turisme? Skal bygget seljast? Skal ein evt. framtidig bruk av bygget planleggast og kostnadsreknast? Er vanskeleg å utreie noko som ikkje er klarare definert.

Dersom ein skal vurdere/kostnadsrekne om bygget skal nyttast til kommunehus for administrasjonen, må ein opprette ei prosjektgruppe som legger fram eit forprosjekt for kommunestyret for avgjersle. Eit slikt forprosjekt vil med dagens ressursar kunne ta fleire månadar og kjem til å koste fleire hundre tusen kroner. Viser til kommunens *Prosjekthandbok* og *Reglement for gjennomføring av kommunale bygge og anleggsprosjekt*. Dersom kommunehuset skal nyttast til noko anna, og ønskje er å få dette planlagt/kostnadsrekna, må ein gjennom same prosedyre.

Ønskjer ei klarare presisering av kva ein ønskjer å få utreda, og evt. finansiering av utredninga, før vi bruker meir tid og ressursar på dette.

## **Lover/regelverk**

### **Finansiering**

Evt. låneopptak

## **Sakshandsamar si vurdering**

### ***Nye kommunehuset:***

Bygget er ei ombygd fabrikkbygning. Kontordelane er forholdsvis nye og moderne, men sjølv bygningskroppen er av eldre dato. Kostnader til vedlikehald av bygget vil såleis bli større i åra som kjem enn det ein vil kunne rekne med om heile bygget var nytt.

Bygget er bygd med vedlikehaldsfrie fasadeplater, aluminiumskledde vindauger og aluminiumsytterdører. Dette er material som i utgangspunktet krev lite vedlikehald.

Det står ein del ledige lokalar i bygget som pr. i dag ikkje er leigd ut (om lag 470 m<sup>2</sup>). Disse lokalane kan Selje kommune nytte til utleige eller framtidig utvikling, dersom kommunen kjøper bygget. Kommunen får med andre ord hand om meir areal enn det ein har i dag.

Reknestykket, sjå vedlagde rekneark, viser at Selje kommune vil kunne spare kr. 1 407 700,- dei neste 7 åra (201 100,- pr. år) på å eige kontra å leige. I tillegg vil ein betale ned på eit lån til seg sjølv, slik at ein etter leigeperioden vil ha nedbetalt kr. 5 032 000,- av den opphavlege kjøpssummen på kr. 28 000 000,-. (Sparing?)

**Konklusjon**

Selje kommune bør kjøpe nye kommunehuset dersom kjøpesummen er tilfredsstillende. Forhandlingsutvalet får løyve til å forhandle med Selje Eigedom AS om pris. Framforhandla pris vert å leggje fram for kommunestyret.

**Saksgang**

Formannskapet kjem med tilråding til kommunestyret som gjer endeleg vedtak i saka.

**TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Forhandlingsutvalet får løyve til å forhandle med Selje eigedom om pris. Framforhandla pris vert å leggje fram for kommunestyret.

**Handsaming i Formannskapet - 09.04.2014**

7 voterande

**Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

**FS-034/14 FRAMLEGG**

Som tilrådinga frå administrasjonen.



# SELJE KOMMUNE

## SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	09.04.2014	035/14

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Bård Fløde	FE-	14/185

## Høring - Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane 2014-2025

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	28.02.2014	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Høring: Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane
6	I	14.04.2014	Nordfjord vekst	Høyringsuttale Verdiskapingsplan - Invitasjon oppstartmøte 23.04.14

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
28.02.2014 15:07:27	Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane - Høring	53003
14.04.2014	2014,04,09 Høyringsuttale Verdiskapingsplanen.docx	54977

### Saka gjeld

Sogn og Fjordane fylkeskommune har sendt ut utkast til *Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane* for høring.

### Opplysningar til saka

Nordfjord Vekst har på vegne av dei tre medlemskommunane laga utkast til felles høyringsuttale (vedlagt)

### Saksgang

Formannskapet gjer vedtak.

## **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Selje Formannskap sluttar seg til felles høyringsuttale om *Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane* slik den ligg føre frå Nordfjord Vekst.

## **Handsaming i Formannskapet - 09.04.2014**

7 voterande

### **Tilråding frå administrasjonen:**

Selje kommune sluttar seg til felles høyringsuttale om Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane slik den ligg føre frå Nordfjord Vekst.

### **Fellesframlegg frå Formannskapet:**

Selje kommune sluttar seg og til høyringsfråsegn om Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane slik den ligg føre frå Kystvegen Ålesund-Bergen.

### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

Fellesframlegg frå Formannskapet fekk 7 røyster for. Samrøystes.

## **FS-035/14 VEDTAK**

Selje kommune sluttar seg til felles høyringsuttale om Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane slik den ligg føre frå Nordfjord Vekst.

Selje kommune sluttar seg og til høyringsfråsegn om Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane slik den ligg føre frå Kystvegen Ålesund-Bergen.

Samrøystes.

Utskrift til:

Nordfjord Vekst /Sogn og Fjordane fylkeskommune

